

Forsøk på rekonstruksjon av skogteigar i felleseiget i Storelia (Berlestranda)

I september 1730 blei det målt opp teigar i felleseiget på sørsida av Hornelen-halvøya. Retten til skogen i teigane gjekk til kvart enkelt av dei 14 involverte bruka, og fordelinga av teigar skjedde ved at kvart bruk fekk tildelt tre teigar. Det blei såleis målt opp til saman 42 teigar. Det finst naturleg nok ikkje noko kart frå den tida, berre ei skildring av oppmålinga. Denne finst i eit dokument som er skriven ut på maskin med bakgrunn i originalen, og stempla av Jordskiftedomaren i Ytre Sunnfjord v/Håkon Gausemel 28.12.1983.

Oppmålinga blei gjort med stong i terrenget, og den delen av arbeidet som gjeld skogen i Storelia skjedde i tre delar. Målinga 6.9.1730 starta ved «*Murevig-Mærcket paa Klubben og till udimod Simenvig Elven*», og dagen etter blei det målt opp eit parti «*frå dette forskrefne Mærke* (som ikkje er nærare definert i teksten, men som vi får tru er Simåvikelva der målinga dagen før blei avslutta) *og ud til imod ydste store Lie Elfven*». Dette svarer nok til partiet mellom Simåvikelva og Storelielva. Om den tredje dagen står det at «*Det tredje Bytte blir derfra igjen og ut til Bodelen*», dvs. frå Storelielva til «Bodelen», som ikkje er nærare definert.

Teigane gjekk på tvers av lia (frå sjøen og oppover, med desse lengdene:

Tal stonglengder frå Klubben til Simåvikelva:

Øvre: $12+12+14+14+14+12,5+17+17+17+14+10+10+14+14 = 191,5$

Nedre: $9,5+9,5+11,5+11,5+11,5+10+15,5+15,5+15,5+12+8+8+12,5+12,5 = 163$

Tal stonglengdar frå Simåvikelva til Storelielva:

Øvre: $20+20+24+24+24+22+25+25+17+17+24+30+30+30 = 332$

Nedre: $20,5+20,5+24,5+24+24,5+22,5+25,5+25,5+17,5+17,5+24,5+31+31+31 = 340$

Tal stonglengdar frå Storelielva og vestover mot «Bodelen»:


Øvre: $26+22+22+17+22+22+22+15+15+22+20+17+26+30 = 298$

Nedre: $29+24+24+19+24+24+24+17+17+24+22+29+20+58 = 355$

Stong (lengdemål): I skiftet frå 1730 er lengda av 1 stong gitt til «2 favner eller 6 norske alen». Ifølgje ein tabell i Wikipedia (https://no.wikipedia.org/wiki/Dansk_alen) over gamle norske lengdemål var danske alen gjeldande i Noreg frå 1541 til 1824. I 1683 blei Ole Rømers system innført ved lov, og omrekna til SI-systemet tilsvarte ein famn då 1,8882 m. Måleiningane blei reviderte i 1824, og 1 famn tilsvarte då 1,8825 m. Dette tilseier at i 1730 var **1 stong** = 2 famnar = $(1,8882 \times 2) = 3,776 \text{ m}$. Etter 1824 var 1 stong = 3,765 m.


Avstand blei målt med stong langs bakken. I eit bratt og ulendt terreng som i Storelia kunne ein ikkje alltid gå rett fram. Det er derfor ikkje utan vidare mogleg å rekonstruere eller måle opp på nytt, fordi ein ikkje veit nøyaktig kvar personen som målte faktisk gjekk i terrenget. Når ein skal måle opp på kart med utgangspunkt i målingane frå 1730, må det derfor gjerast nokre vurderingar og tilpassingar.

Kartet over «udmarkssameiet paa Bremangerland» som blei målt opp i 1875-76 er lagt fram lokalt som den mest sannsynlege ytre avgrensinga av det oppmålte området med skogteigar, med den avgrensinga som er vist på kartet under: Frå eit punkt ved sjøen like aust for Båtnehaugen, opp til Kobbekode (noverande Kobbene) og derifrå austover mot Storlinipa. Frå Storlinipa (også kalla Storlinakken på kartet) går grensa visare aust mot fjelltoppen Helen og vidare til eit punkt ved sjøen med same namn (truleg noverande Hælkollen og Hæleneset).



«Murevig-Mærcket paa Klubben» er omtalt som den austre grensa for skogteigane i skiftedokumentet frå 1730, og dette må dreie seg om den markerte formasjonen Klubben (13 m.o.h.) på dagens kart. Det finst ein Litle Klubben lenger aust mot Hælvika, men den passar ikkje med dei oppmålte avstandane. Ved å legge saman dei oppmålte stonglengdene i dokumentet frå 1730, finn vi at avstanden frå «Klubben» til utløpet av Simåvikelva berre er 163 stonglengder, noko som tilsvarer 615,5 meter.

På kartet under går det fram at avstanden i luftlinje frå det høgste punktet på Klubben til utløpet av Simåvikelva er 690 m. Dette er ikkje eit veldig stort avvik frå den stongmålte distansen i 1730, med tanke på målemetoden som blei brukt då. Det kanskje mest interessante her er likevel at tala viser at stongmålinga *ikkje* kan ha følgd strandkanten nøyaktig (avstanden ville i så fall ha vore meir enn dobbelt så lang, 1359 m), men at målinga må ha skjedd i ei relativt rett linje.



Strandkanten langs Storelia har mange inn- og utbuktningar, så dersom målinga skulle følgd strandkanten nøyaktig måtte målarer fleire stader ha gått både fram og tilbake. Eit forsøk på å følgje strandkanten nøyaktig, viser at nokre av teigane då vil bli svært smale nede mot sjøen:



Den smalaste teigen på kartet over er i skiftedokumentet frå 1730 oppgitt med ein oppmålt distanse på 17 stenger eller 72,3 m, men dersom avstandar skal målast nøyaktig langs strandkanten fører den lille vika til at teigen berre blir 11 meter brei nedst mot sjøen.

Vi kan derfor gå ut frå at oppmålarane ikkje følgde strandkanten nøyaktig, men jamna ut den linja dei gjekk etter. Ei tilnærming til dette er prøvd ut ved å måle langs ein grovare og mindre nøyaktig kystkontur (N50):



Heller ikkje denne tilnærminga til måling langs sjøkanten let seg gjennomføre, for i parti med store viker og nes blir problemet det same som over. Kartet under viser eit område mellom Storelielva og Simåvikelva. Sjølv om ein måler langs ein ganske grov kystkontur er det ikkje mogleg å unngå enkelte svært smale teigar. Ein av teigane får med denne tilnærminga inga strandlinje i det heile:



Det verkar rimeleg klårt at oppmålarane ikkje følgde strandlinja, men må ha jamna ut linja dei målte langs sjøen i ganske stor grad. Eit inntrykk av kor mye dei faktisk gjorde dette, kan vi få ved å samanlikne dei oppgitte stavlengdene i dei tre delane av Storelia med avstandar der desse kan målast direkte på dagens kart. Gjennomgangen under går frå vest mot aust:

Del 1: Frå «Bodelen» mot Storelielva

Fjellinja:	298 stenger, tilsv. 1125,3 m	Reell avstand (luftlinje):	1085,3 m
Langs sjøen:	355 stenger, tilsv. 1340,5 m	Reell avstand (luftlinje):	1509,5 m?
		Reell avstand (kystkontur N50):	1653 m?

Den reelle avstanden i rett linje («fjellinja») mellom Kobben og punktet der Storelielva kryssar fjellinja er 1085,3 m, som er ganske likt det omrekna talet for stanglengder (1125,3 m). At tala er så like tydar på at stangmålinga skjedde relativt nøyaktig langs fjellinja, og at Kobben faktisk var endepunktet for målingane i 1730. Den stongmålte distansen har likevel blitt litt lenger enn den reelle avstanden, sikkert pga. ulendt terreng med oppover- og nedoverbakkar.

Dersom endepunktet mot vest nede ved sjøen («Bodelen») ligg nær Båtnehaugen slik det er teikna inn på utmarkskartet frå 1876, har oppmålarane kome fram til ein samla distanse som er for kort. Truleg skuldast dette at terrenget er kupert og vanskeleg å måle opp.

Del 2: Frå Storelielva til Simåvikelva

Fjellinja:	332 stenger, tilsv. 1253,6 m	Reell avstand (luftlinje):	1226 m
Langs sjøen:	340 stenger, tilsv. 1283,8 m	Reell avstand (luftlinje):	919,9 m
		Reell avstand (kystkontur N50):	1161 m

Dersom det er rett at dei to elveløpa danner grense mellom dei ulike delane av teigsystemet i Storelia, kjenner vi den eksakte lengda i luftlinje både oppe og nede. Den stongmålte avstanden langs fjellinja er her svært lik den reelle avstanden målt på kart (1253,6 kontra 1226 meter).

Nede langs sjøen er det som venta meir avvik, men her er det også heilt uklårt kvar oppmålarane faktisk har gått i terrenget, og kor mye problem dei har hatt med stavmålingane undervegs. Dei har målt ein avstand som til og med er lenger enn den dei ville ha målt om dei hadde følgd strandlinja. Her har stavmålinga blitt mye feil, truleg fordi terrenget er vanskeleg og uoversiktleg.

Del 3: Frå Simåvikelva og austover

Fjellinja:	191,5 stenger, tilsv. 723,1 m	Reell avstand (luftlinje):	ukjent endepunkt
Langs sjøen:	163 stenger, tilsv. 615,5 m	Reell avstand (luftlinje):	692,6 m
		Reell avstand (kystkontur N50):	905,5 m


På denne strekninga har oppmålarane kome fram til ein avstand som er vesentleg kortare enn lengda langs ein avrunda kystkontur, og som liknar mye meir på avstanden i luftlinje (men er kortare enn denne også).

Oppsummert ser det ut til at dei som gjennomførte målingane i 1730 har gjort ganske nøyaktig arbeid med målestengene langs fjellinja i overkant av skogteigane. Langs sjøen har det tydelegvis vore vanskelegare å få gjennomført ei god oppmåling. For to av dei tre delane er den stongmålte avstanden kortare enn luftlinja, noko som tydar på at stongmålingane ikkje gjekk langs strandkanten, men i ei tilnærma rett, kortaste linje mellom endepunkta.

For del 3 veit ein ikkje sikkert kvar endepunktet på fjellinja mot aust ligg. Her kan det vere naturleg at det leggst til eit punkt langs fjellinja som tilsvarer den stongmålte distansen, dvs. 723,1 m aust for Simåvikelva. Dette vil vere ei konservativ tilnærming, fordi ein bruker stongmålinga som utgangspunkt sjølv om denne i begge dei to andre delområda har vore litt for lang langs fjellinja. Området med skogteigar blir dermed trekt så langt austover som mogleg. Gjer vi det slik, kjenner vi plasseringa av alle dei tre hovudpunkta langs fjellinja (Kobben, Storlinipa og punktet som ligg 723,1 m vidare austover mot Hælkollen).

Langs sjøen er plasseringa av tre av fire hovudpunkt kjente (Klubben, utløpet av Simåvikelva og utløpet av Storelielva). Dersom vi aksepterer at det vestlege endepunktet ved sjø på kartet frå 1876 også er endepunktet for skogteigane, kjenner vi alle dei fire punkta.

På kartet under er dei nemnte punkta brukt til å teikne inn yttergrensa for skogteigane i Storelia (grensa mot sjøen følgjer kystkonturen).



Neste trinn vil vere å plassere dei 42 skogteigane innanfor denne yttergrensa. Eit forslag til korleis dette kan gjerast, følgjer på dei neste sidene.

Del 1: Kobben/Båtnehaugen – Storelielva

Øvre:	Avstand (luftlinje) frå Kobben til kryssingspunkt Storelielva øvre:	1085,3 m
Nedre:	Avstand (luftlinje) frå Båtnehaugen til utløp Storelielva nedre:	1509,5 m
	Avstand målt langs stranda frå Båtnehaugen til utløp Storelielva nedre:	1653 m

Tal stonglengdar frå Kobben til Storelielva ifølgje oppmålinga i 1730:

Øvre: $30+26+17+20+22+15+15+22+22+22+17+22+22+26 = 298$ (1125,3 m)

Nedre: $58+20+29+22+24+17+17+24+24+24+19+24+24+29 = 355$ (1340,5 m)

Stongmålinga i øvre del av området gir ein samla distanse for dette delområdet på 1125,3 m. Den reelle distansen målt på kart i dag er 1085,3 m; eit relativt lite avvik med tanke på metoden som blei brukt i 1730. Her er det derfor naturleg å følgje grensa for sameiget slik det er teikna inn på kartet etter skiftet i 1875-76. For den nedre avgrensinga (langs sjøen) er det derimot stort avvik mellom den stongmålte avstanden (1340,5 m) og avstandane på moderne kart, anten dei blir målte i rett linje eller langs kystkonturen.

Fordi stongmåling kan vere svært unøyaktig i kupert terreng, vil ein ikkje få breidda på teigane til å gå opp med dei kjente punkta i terrenget dersom ein bruker eit fast mål på måleeininga «stong» (t.d. 3,776 m). **Ei løysing er å rekne ut ei «tilpassa» stonglengd for å gi breidda på skogteigane det same innbyrdes tilhøvet som ved stongmålinga.** Dette kan gjerast ved å dele den horisontale avstanden (målt på moderne kart) på det talet stonglengder som er oppgitt i utskiftinga på 1700-talet. Nedanfor er denne metoden brukt for å rekne ut teigbreidde i meter ved A) å måle strandlengda i luftlinje, og B) ved å måle strandlengda langs kystkonturen på kart i N50.

Alternativ A:

- Øvre distanse målt i luftlinje frå Kobben til kryssinga av Storelielva.
- Nedre distanse målt i **luftlinje** frå startpunktet ved Båtnehaugen til utløpet av Storelielva.

Stanglengde øvre: $1085,3 / 298 = 3,64$ m

Stanglengde nedre: $1509,5 / 355 = 4,25$ m

Ein teig som er 30 stenger brei øvst og 58 stenger brei nedst, vil da bli $30 \times 3,64 = 109,2$ m brei øvst og $58 \times 4,25 = 246,5$ m brei nedst.

Frå Kobben til Storelielva (luftlinje nedre)															
Teig	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	14	
Øvre (stang)	30	26	17	20	22	15	15	22	22	22	17	22	22	26	298
Øvre (m)	109,2	94,6	61,9	72,8	80,1	54,6	54,6	80,1	80,1	80,1	61,9	80,1	80,1	94,6	1084,8
Nedre (stang)	58	20	29	22	24	17	17	24	24	24	19	24	24	29	355
Nedre (m)	246,5	85	123,3	93,5	102	72,3	72,3	102	102	102	80,8	102	102	123,3	1509,0

Alternativ B:

- Øvre distanse målt i luftlinje frå Kobben til kryssinga av Storelielva.
- Nedre distanse målt **langs strandlinja** frå startpunktet ved Båtnehaugen til utløpet av Storelielva. For å unngå fram-og tilbagemålingar som kan føre til svært smale teigar (eller i teorien også negativ lengd på teigane) der strandlina snor seg mye, er kartmålinga basert på eit kartgrunnlag i relativt liten skala, dvs. N50 (1:50 000). I tillegg er nokre svaberg i sjøen sløyfa, fordi stavmålinga heilt sikkert ikkje følgde alle små og store krokar av strandlinja, særleg der det ikkje veks skog.

Stanglengde øvre: $1085,3 / 298 = 3,64$ m


Stanglengde nedre: $1653 / 355 = 4,66$ m

Ein teig som er 30 stenger brei øvst og 58 stenger brei nedst, vil da bli $30 \times 3,64 = 109,2$ m brei øvst og $58 \times 4,66 = 270,3$ m brei nedst.

Frå Kobben til Storelielva (strandlinja nedre)															
Teig	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	14	
Øvre (stang)	30	26	17	20	22	15	15	22	22	22	17	22	22	26	298
Øvre (m)	109,2	94,6	61,9	72,8	80,1	54,6	54,6	80,1	80,1	80,1	61,9	80,1	80,1	94,6	1084,8
Nedre (stang)	58	20	29	22	24	17	17	24	24	24	19	24	24	29	355
Nedre (m)	270,3	93,2	135,1	102,5	111,8	79,2	79,2	111,8	111,8	111,8	88,5	111,8	111,8	135,1	1653,9

Kart og flyfoto, alternativ A

Teigbreidde langs sjøen er målt i luftlinje frå startpunktet ved Båtnehaugen til utløpet av Storelielva. På kart fungerer luftlinja som ei hjelpelinje for å kunne teikne inn breidda på teigane.



Kart og flyfoto, alternativ B

Teigbreidde langs sjøen er målt langs strandlinja (i N50) fra startpunktet ved Båtnehaugen til utløpet av Storelielva.



Del 2: Storelielva - Simåvikelva

Øvre: Avstand (luftlinje) frå kryssingspunkt Storelielva til kryssingspunkt Simåvikelva øvre:	1226 m
Nedre: Avstand (luftlinje) frå utløp Storelielva til utløp Simåvikelva:	919,9 m
Avstand langs stranda frå utløp Storelielva til utløp Simåvikelva:	1161 m

Tal stonglengdar frå Storelielva til Simåvikelva:

Øvre: $30+30+30+24+17+17+25+25+22+24+24+24+20+20 = 332$ (1253,6 m)

Nedre: $31+31+31+24,5+17,5+17,5+25,5+25,5+22,5+24,5+24+24,5+20,5+20,5 = 340$ (1283,8 m)

Alternativ A:

- Øvre distanse målt i luftlinje frå Storelielva til Simåvikelva.
- Nedre distanse målt i luftlinje frå munninga av Storelielva til munninga av Simåvikelva.

Stanglengde øvre: $1226 / 332 = 3,69$ m

Stanglengde nedre: $919,9 / 340 = 2,71$ m

Ein teig som er 30 stenger brei øvst og 31 stenger brei nedst, vil da bli $30 \times 3,69 = 110,7$ m brei øvst og $31 \times 2,71 = 84,0$ m brei nedst.

Frå Storelielva til Simåvikelva (luftlinje nedre)															
Teig	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	14	
Øvre (stang)	30	30	30	24	17	17	25	25	22	24	24	24	20	20	332
Øvre (m)	110,7	110,7	110,7	88,6	62,7	62,7	92,3	92,3	81,2	88,6	88,6	88,6	73,8	73,8	1225,3
Nedre (stang)	31	31	31	24,5	17,5	17,5	25,5	25,5	22,5	24,5	24	24,5	20,5	20,5	340
Nedre (m)	84	84	84	66,4	47,4	47,4	69,1	69,1	61,0	66,4	65,0	66,4	55,5	55,5	921,2

Alternativ B:

- Øvre distanse målt i luftlinje frå Storelielva til Simåvikelva.
- Nedre distanse målt langs strandlinja frå munninga av Storelielva til munninga av Simåvikelva.

Stanglengde øvre: $1226 / 332 = 3,69$ m

Stanglengde nedre: $1161 / 340 = 3,41$ m

Ein teig som er 30 stenger brei øvst og 31 stenger brei nedst, vil da bli $30 \times 3,69 = 110,7$ m brei øvst og $31 \times 3,41 = 105,7$ m brei nedst.

Frå Storelielva til Simåvikelva (strandlinja nedre)															
Teig	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	14	
Øvre (stang)	30	30	30	24	17	17	25	25	22	24	24	24	20	20	332
Øvre (m)	110,7	110,7	110,7	88,6	62,7	62,7	92,3	92,3	81,2	88,6	88,6	88,6	73,8	73,8	1225,3
Nedre (stang)	31	31	31	24,5	17,5	17,5	25,5	25,5	22,5	24,5	24	24,5	20,5	20,5	340
Nedre (m)	105,7	105,7	105,7	83,6	59,7	59,7	87	87	76,7	83,6	81,8	83,6	69,9	69,9	1159,6

Kart og flyfoto, alternativ A (teigbreidde målt i luftlinje langs sjøen)



Kart og flyfoto, alternativ B (teigbreidde målt langs strandlinja)



Del 3: Simåvikelva – Klubben

Øvre:	Avstand (luftlinje) frå kryssingspunkt Simåvikelva øvre til endepunkt:	723,1 m
Nedre:	Avstand (luftlinje) frå utløp Simåvikelva til Klubben:	692,6 m
	Avstand langs stranda frå utløp Simåvikelva til Klubben:	905,5 m

Tal stonglengdar frå Simåvikelva til Klubben:

Øvre: $14+14+10+10+14+17+17+17+12,5+14+14+14+12+12 = \mathbf{191,5}$ (723,1 m)

Nedre: $12,5+12,5+8+8+12+15,5+15,5+15,5+10+11,5+11,5+11,5+9,5+9,5 = \mathbf{163}$ (615,5 m)

Alternativ A:

- Øvre distanse målt i luftlinje frå Simåvikelva til endepunkt.
- Nedre distanse målt i luftlinje frå munninga av Simåvikelva til Klubben.

Stanglengde øvre: $723,1 / 191,5 = 3,78$ m

Stanglengde nedre: $692,6 / 163 = 4,25$ m

Ein teig som er 14 stenger brei øvst og 12,5 stenger brei nedst, vil da bli $14 \times 3,78 = 52,9$ m brei øvst og $12,5 \times 4,25 = 53,1$ m brei nedst.

Frå Storelielva til Simåvikelva (luftlinje nedre)															
Teig	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	14	
Øvre (stang)	14	14	10	10	14	17	17	17	12,5	14	14	14	12	12	191,5
Øvre (m)	52,9	52,9	37,8	37,8	52,9	64,3	64,3	64,3	47,3	52,9	52,9	52,9	45,4	45,4	724,0
Nedre (stang)	12,5	12,5	8	8	12	15,5	15,5	15,5	10	11,5	11,5	11,5	9,5	9,5	163
Nedre (m)	53,1	53,1	34	34	51	65,9	65,9	65,9	42,5	48,9	48,9	48,9	40,4	40,4	692,9

Alternativ B:

- Øvre distanse målt i luftlinje frå Simåvikelva til endepunkt.
- Nedre distanse målt langs strandlinja frå munninga av Simåvikelva til Klubben.


Stanglengde øvre: $723,1 / 191,5 = 3,78$ m

Stanglengde nedre: $905,5 / 163 = 5,56$ m


Ein teig som er 14 stenger brei øvst og 12,5 stenger brei nedst, vil da bli $14 \times 3,78 = 52,9$ m brei øvst og $12,5 \times 5,56 = 69,5$ m brei nedst.

Frå Storelielva til Simåvikelva (strandlinja nedre)															
Teig	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	14	
Øvre (stang)	14	14	10	10	14	17	17	17	12,5	14	14	14	12	12	191,5
Øvre (m)	52,9	52,9	37,8	37,8	52,9	64,3	64,3	64,3	47,3	52,9	52,9	52,9	45,4	45,4	724,0
Nedre (stang)	12,5	12,5	8	8	12	15,5	15,5	15,5	10	11,5	11,5	11,5	9,5	9,5	163
Nedre (m)	69,5	69,5	44,5	44,5	66,7	86,2	86,2	86,2	55,6	63,9	63,9	63,9	52,8	52,8	906,2


Kart og flyfoto, alternativ A (luftlinje langs sjøen)




NB: Namnet «Klubben» er feilplassert på kartet.



Kart og flyfoto, alternativ B (måle teigbreidde langs strandlinja)



NB: Namnet
«Klubben» er
feilplassert på
kartet.



Oppsummering:

Stongmåling i eit så bratt, kupert og vanskeleg terreng som i Storelia kan ikkje bli heilt nøyaktig over lange avstandar, og målingane går da heller ikkje opp med dei terrengpunkta ein brukte som utgangspunkt i terrenget når resultatata blir kontrollerte på nye kart.

Men dei stongmålingane som er gjort i øvre del av teigområdet stemmer likevel forbløffande bra med avstandane på nye kart, og det tyder både på at grensa for teigane faktisk følgjer den linja som er teikna inn på «storskiftekartet» frå 1876, og at det gjekk relativt greitt å måle langs ei rett linje oppe i lia.

Langs strandlinja mot fjorden er det mye meir avvik mellom dei stongmålte avstandane og dei same avstandane målt på nye kart. I del 1 (vest) og del 3 (aust) er dei stongmålte avstandane mellom kjente punkt i terrenget kortare enn reell distanse i luftlinje, og mye kortare enn avstandane målt langs strandkanten. I del 2 (midtpartiet) er det derimot omvendt, der er den stongmålte avstanden lenger enn reell distanse både i luftlinje og målt langs strandkanten.

Det er ikkje sannsynleg at stongmålinga nedst i lia har følgd strandkanten, fordi stongmålt avstand er så mye kortare både i del 1 og 3 enn den reelle avstanden i luftlinje. At tilhøvet er motsett i del 2 talar i motsett retning, eller kanskje vitnar det berre om at det har vore svært vanskeleg å måle opp terrenget med stong. Problemet med at ein ville fått enkelte svært smale teigar dersom ein målte langs strandkanten (på grunn av inn- og utbuktningar av strandlina), tyder likevel på at ein har funne fram til ei meir utjamna og beinare linje å måle langs.

Fordi det ikkje er mogleg å finne ut kvar oppmålarane faktisk gjekk i terrenget, kan den beste tilnærminga vere ein forenkla rekonstruksjon der ein måler opp den nedre breidda av teigane langs luftlinja mellom dei kjente endepunkta for del 1, 2 og 3. Resultatet vil då gi eit innbyrdes tilhøve mellom teigbreiddane oppe og nede som ligg nær opp mot det ein såg føre seg under stongmålingane i 1730.

NB: Dei små eigedomsteigane som er skilt ut i Storelia i nyare tid (72/1,3,4,5,10,16) er ikkje inkluderte i dette arbeidet. Dei ligg inne i nye kart og må bli tatt omsyn til.

Kartet viser framlegg til skogteigar (grøne strekar) og dei faste punkta i kantane av del 1, 2 og 3 som det er vist til i oppmålinga frå 1730 (raude punkt). Tala utanfor parentes er dei stongmålte avstandane frå 1730, og tala i parentes er avstandar i luftlinje målt på nye kart, omreikna til stonglengder (1 stong = 3,776 m)

